



Utval: Formannskap
Møtestad: Hamaren, Næringshagen
Dato: 15.02.2017
Tid: 08:30 – 10:30

Fylgjande medlemmer møte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---------------------|--------------|---------------|
| Erik Skjervagen | Ordførar | AP |
| Olav Gisle Noraberg | Varaordførar | AP |
| Tone Irgens Veum | Medlem | SP |

Fylgjande medlemmer møte ikkje:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|-----------------------|----------|---------------|
| Kjell Sverre Thoresen | Medlem | SP |
| Anne Serine Nærum | Medlem | AP |

Fylgjande varamedlemmer møte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|-------------------------|-----------------------|---------------|
| Ellen Elisabeth Gasmann | Kjell Sverre Thoresen | SP |
| Nils Kristian Moe | Anne Serine Nærum | AP |
| Torleiv Hvistendahl | | AP |
| Ingunn Lauvrak | | AP |

Fylgjande frå administrasjonen møte:

| Namn | Stilling |
|------------------|----------------|
| Ketil O. Kiland | rådmann |
| Kjersti Bergland | utvalssekretær |

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)
5/17 – 8/17

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

Erik Skjervagen
ordførar

Fellestenesta
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland
rådmann

Saksliste

| Utvals- saksnr | Innhald |
|---------------------------|----------------|
|---------------------------|----------------|

| | |
|---------|---|
| PS 5/17 | Referatsaker |
| PS 6/17 | Søknad frå Fyresdal Næringshage om utviklingsstøtte og tilskot til omstillingskommuneprosjekt |
| PS 7/17 | Søknad om tilskot frå næringsfondet frå Silva Consult AS |
| PS 8/17 | Anke til Høgsterett i sak om eigedomsskatt på nettanlegg – oppmoding om økonomisk støtte |

Fyresdal 8. februar 2017

Erik Skjervagen
ordfører

Fellestenesta
utvalssekretær

PS 5/17 Referatsaker

RS 3/17 Orientering frå administrasjonen

RS 4/17 Økonomigjennomgang

I møtet:

- Orientering om arbeidet med samansetjinga av eit styre for omstillingsprosjektet. Fyresdal Næringsorganisasjon har kome med framlegg til sine representantar. Formannskapet ber om at kommunestyret får ei sak om oppretting av eit styret for omstillingsprosjektet.
- Formannskapet ynskjer også at kommunestyret får ei sak om tilskot til prosjektet omstillingsprosjekt.
- Orientering om nytt prosjekt på vannforskning i samarbeid med Høgskolen SørØstNorge i Bø.
- Prosjekt "Bygg i Tre" – i regi av Fyresdal Næringshage AS. Mange kommunar i Telemark vil vere med i dette prosjektet.
- Informasjonsmøte om offentlege innkjøp 7. mars.
- Informasjon om beredskapsarbeidet ved 110-sentralen i Skien og kva som skjer når denne vert overført til ny 110-sentral i Tønsberg.

Eit samrøystes formannskap lukka møte før:

- Orientering frå møte med Adv. Frøstrup i nærings sak. Formannskapet ynskjer at det blir arbeid vidare med denne saka.

PS 6/17 Søknad frå Fyresdal Næringshage om utviklingsstøtte og tilskot til omstillingskommuneprosjekt

Innstilling frå rådmannen:

- Fyresdal kommune støt FNH i at deira aktivitet har stort potensiale i samband med det kommunale omstillingsprogrammet og gir 500.000 kr som tilskot frå næringsfondet til FNH for 2017. Det er ein føresetnad at styret for omstillingskommuneprogrammet og styret for FNH samordnar seg.
- Fyresdal kommune vil at FNH skal prioritere utleige av ledige kontor, slik at FNH og FN Eigedom AS snarast råd kan stå på egne bein. FNH utarbeider plan for korleis dette kan gjerast.
- Fyresdal kommune yter 400.000 kr som årleg tilskot frå næringsfondet til omstillingskommuneprogrammet for perioden 2017-2019.

Handsaming i Formannskap - 15.02.2017

Erik Skjervagen og Olav Gisle Noraberg vart samrøystes kjent ugilde i saka då dei er styrerepresentantar i Fyresdal Næringshage AS og FN Eigedom AS. Torleiv Hvistendahl og Ingunn Lauvrak deltok i handsaminga som vara.

Framlegg frå formannskapet:

Fyresdal kommune støt FNH i at deira aktivitet har stort potensiale i samband med det kommunale omstillingsprogrammet og gir 500.000 kr som tilskot frå næringsfondet til Fyresdal Næringshage AS for 2017.

Fyresdal kommune vil at FNH skal prioritere utleige av ledige kontor, slik at Fyresdal Næringshage AS og FN Eigedom AS snarast råd kan stå på egne bein.

Samrøystes for framlegget frå formannskapet.

Vedtak i Formannskap - 15.02.2017

Fyresdal kommune støt FNH i at deira aktivitet har stort potensiale i samband med det kommunale omstillingsprogrammet og gir 500.000 kr som tilskot frå næringsfondet til Fyresdal Næringshage AS for 2017.

Fyresdal kommune vil at FNH skal prioritere utleige av ledige kontor, slik at Fyresdal Næringshage AS og FN Eigedom AS snarast råd kan stå på egne bein.

PS 7/17 Søknad om tilskot frå næringsfondet frå Silva Consult AS

Innstilling frå rådmannen:

Silva Consult AS er i målgruppa for tilskota kommunen gir til omstillingskommuneprogrammet eller utviklingsstøtte gitt til Fyresdal Næringshage. Søknaden om direkte tilskot frå næringsfondet blir difor avslått.

Handsaming i Formannskap - 15.02.2017

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Formannskap - 15.02.2017

Silva Consult AS er i målgruppa for tilskota kommunen gir til omstillingskommuneprogrammet eller utviklingsstøtte gitt til Fyresdal Næringshage. Søknaden om direkte tilskot frå næringsfondet blir difor avslått.

PS 8/17 Anke til Høgsterett i sak om eidegdomsskatt på nettanlegg – oppmoding om økonomisk støtte

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune løyver kr 20.000 til å dekke prosesskostnader dei tre "tilfeldig utvalde" kommunane får med sak for Høgsterett der Statnett prøvar å få endra gjeldande takseringspraksis for nettanlegg.

Løyving frå formannskapetets konto 1112.490

Handsaming i Formannskap - 15.02.2017

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Formannskap - 15.02.2017

Fyresdal kommune løyver kr 20.000 til å dekke prosesskostnader dei tre "tilfeldig utvalde" kommunane får med sak for Høgsterett der Statnett prøvar å få endra gjeldande takseringspraksis for nettanlegg.

Løyving frå formannskapetets konto 1112.490